

1. Innleiing

I vedteken arealdel til kommuneplanen for Bremanger (KPA) er Holmaneset tiltenkt industri og utbygging av hydrogen- og ammoniakkfabrikk. Vurderingane som er gjort knytt til val av denne lokasjonen er ikkje synleggjort i KPA. Då Bremanger kommune viste til Holmaneset som aktuelt for dette føremålet var det gjort ei overordna vurdering av kva område som var eigna for dette føremålet. Holmaneset var einaste området som var regulert til industri og hadde nødvendig storleik. I tillegg oppfylte Holmaneset dei andre kriteria som var fastsett for lokalisering av hydrogen- og ammoniakkfabrikk, og utvida industriområde på Holmaneset vart lagt inn i KPA på dette grunnlaget. Det vart lagt til grunn at kunnskapsgrunnlaget og konsekvensane av ei utbygging måtte utgreiast og endeleg arealbruk avklarast gjennom reguleringsplan. Det vart ikkje utgreidd alternativ sidan det ikkje var reelle og realistiske alternativ til lokalisering, jf. forskrift om konsekvensutgreiing §19, 2.ledd «Konsekvensutredningen skal også redegjøre for de alternativene til utforming, teknologi, lokalisering, omfang og målestokk som forslagsstilleren har vurdert, og en utredning av relevante og realistiske alternativer. Valget skal begrunnes mot de ulike alternativene, og sammenligninger av virkningene for miljø og samfunn av de ulike alternativene skal fremgå». Sidan dette er påpeika som ein mangel ved planen er det i dette notatet gjort greie for alternative lokaliseringar av denne typen verksemd innanfor kommunen. Alternativa er utgreidde på eit overordna nivå med skildring og vurdering av dei sannsynlege verknader for miljø og samfunn, i samsvar med krava i forskrift om konsekvensutgreiing (§ 19). I tillegg vert alternativane vurdert opp mot dei fastsette kriteria for lokalisering av ammoniakk- og hydrogenfabrikk. Alternativ utforming, omfang og målestokk er vurdert gjennom reguleringsprosessen for Holmaneset-området.

2. Metodikk

Det er nytta same metodikk som i KPA. Rettleiar T-1493 av 03.08.2012 «Konsekvensutredning av arealdelen til kommuneplanen» er nytta som grunnlag for metode for konsekvensutgreiinga.

Kunnskapsgrunnlag

Rapporten byggjer på eksisterande kunnskapsgrunnlag innhenta frå følgjande databasar:

- Miljøstatus (Miljødirektoratet).
- Naturbase (Miljødirektoratet).
- Artsdatabanken (Klima- og miljødepartementet).
- Kilden (NIBIO).
- Askeladden (Riksantikvaren).
- Vegkart (Statens vegvesen).
- Støykart (Statens vegvesen).
- NVE kartkatalog, fare- og aktsemdsområder.

Der kunnskapsgrunnlaget er vurdert som manglande og det er behov for ytterlegare utgreiingar, er dette nemnt under konsekvensvurderinga av dei einskilde områda.

Grunnlag for vurdering av verknad/konsekvens

Konsekvens av arealbruk kjem fram med hjelp av ei samanstilling av **verdi** og **omfang**.

Verdi

Eksisterande verdiar knytt til miljø og samfunn innanfor kvart område og i eit tilpassa influensområde er gradert med liten, middels og stor.

I verdifastsettinga er det lagt til grunn eksisterande registreringar/kartleggingar, gradert etter om det er nasjonalt, regionalt eller lokalt nivå. Ingen førekomstar, kartlegging eller kjende verdiar av betydning gjev liten verdi.

I KU-tabellane for kvart enkelt område blir dette vist med verdiane 1-3, som tilsvara følgjande:

- 1 – Liten verdi = Det er ingen kartlagde eller kjende verdiar i området.
- 2 – Middels verdi = Verdiar som har lokal betydning.
- 3 – Stor verdi = Verdiar som har nasjonal eller regional betydning.

Omfang

Ved vurdering av omfang er det gjort ei heilskapleg vurdering, basert på avgrensing av området, formålet med tiltaket, topografi, omtale av verdi og generell kunnskap om Bremanger kommune.

Omfang/påverknad av det einskilde tiltaket er vurdert opp mot eit 0-alternativ. 0-alternativet tilsvara sannsynleg utvikling av området utan utbygging/ending frå eksisterande situasjon.

For vurdering av omfang er følgjande skala nytta:

-3	-2	-1/0/+1	+2	+3
<i>Stort negativ omfang</i>	<i>Middels negativt omfang</i>	<i>Lite eller ubetydeleg omfang</i>	<i>Middels positivt omfang</i>	<i>Stort positivt omfang</i>
Øydelegg	Reduserer verdien	Ingen verknad	Betring	Stor betring

Konsekvens

Ved å samanstille verdien og omfanget innanfor kvart tema får ein samla konsekvens ved endra arealbruk. Skala for vurdering av konsekvens blir då slik tabellen under viser:



Konsekvens	Omfang/verdi	Liten/1	Middels/2	Stor/3
	Stort positivt	+2	+2/+3	+3
	Middels positivt	+1	+2	+3
	Lite/ubetydeleg	0	0	0/+1
	Middels negativt	-1	-2	-2/-3
	Stort negativt	-2	-2/-3	-3

3. Alternativ


I tillegg til Holmaneset er det vurdert regulert industriområde i Smørhamn . Det er også gjort ei skriftleg vurdering av lokalisering i Ålfoten, sidan det kom opp som eit alternativ i utgangspunktet.



Det er ikkje andre større areal i kommunen som er regulerte til industri. På Iglandsvik, Kalvøya og Breivika i Svelgen er det regulert industri i noko omfang, men desse alternativa er uaktuelle m.a på grunn av for lite areal.

3.1 Holmaneset

Formål/bruk i dag	Ikkje utbygd/utmark	 <p>Førebels skisse frå forslagstillar</p>  <p>Reguleringsplan</p>
Planstatus	Detaljreguleringsplan for Holmaneset (Næringsformål).	
Forslag til ny arealbruk	Næringsføremål på heile 41/8 inkl. deler av sundet og holmane.	
Arealstorleik	350 000m ² inkl. sjøområda	
Forslagsstillar	Fortescue Future Industries AS	
Skildring	<p>Innspelet går på at ein ynskjer næringsføremål på heile eigedomen gbnr. 41/8, inkludert vestre del av neset, og deler av sundet og holmane, og på Meholmen som er del av gbnr. 41/1. Arealet er tenkt brukt til produksjon av grøn hydrogen og grøn ammoniakk. Tilgang til straum, utskiping etc. gjer området spesielt godt eigna. Planlagt anlegg vil produsere opp mot 40 000 tonn grønt hydrogen i året.</p>	



Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	0	0	0	Deler av området er regulert til utbyggingsføremål per i dag. Heile området er skogkledd med krattskog/blandingskog.


Landskap	2	-2	-2	Fylkesatlas: Nordgulen, Småfjord og storsund- lokal verdi del av Gulen/Frøyssjøen- regional verdi. Foreslått endring vil kunne fjerne vegetasjonsbeltet og terrengforma mot Holmesundet.
Naturmangfald  Utklipp frå Fylkesatlas.no	3	-3	-3	Gyteområde for torsk i sjøen, regionalt viktig, verdi B. Marin naturtype Ålegraseng langs austsida av Storeholmen (viktig) vil bli nedbygt og øydelagt. Ålegraseng ved Littleholmen (svært viktig) kan også bli råka av tiltaket. Ein del av blautbotnområde i Holmesundet, vurdert som lokalt viktig, vil også bli nedbygt og øydelagt. Gulebrystet, Djupevika og Gulebrystet øvre i fjellet sør for fylkesvegen er regnskog-lokaliteter som er vurdert til å vere svært viktige. Tiltaka vil ikkje påverke desse Dei marine naturtypene må ivaretakast i størst mulig grad gjennom reguleringsprosessen.
Strandsone	2	-3	-3	Strandsone på austsida av Holmaneset vil bli nedbygt som fylgje av regulert kai og industriområde. Forslaget vil medføre at også vestsida av neset kan byggjast ned, inkludert Holmesundet og to av dei tre holmane som ligg på vestsida. Dette vurderer ein som uheldig både av omsyn til landskap og naturmangfald i strandsone. Etter planretningslinene for differensiert strandsoneforvaltning er Bremanger kommune område med mindre press på areala (sone3). I desse områda kan det vere grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjøen, som t.d sjøretta næringstiltak. I særleg del av området ligg det naust/hytte i strandsone.
Vassmiljø	1	0	0	Vannforekomst Nordgulen, tilstand MODERAT. Ein føreset at ev. tiltak vert handsama i samsvar med gjeldande regelverk og har liten innverknad på tilstanden i vassforekomsten. (<i>VannNett</i>)
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Ingen registreringar i området. (<i>Fylkesatlas</i>)

<p>Mineralressursar</p>  <p>(Rosa markering, www.norgeskart.no/geoportal/)</p>	1	-	-	I det vurderte området er det registrert ein pukkrressurs som per i dag ikkje er i bruk. Ved opparbeiding av arealet bør ein nytte den registrerte ressursen mest mogleg rasjonelt. Massebalanse bør vektleggjast i reguleringsplan.
<p>Friluftsliv</p> 	2	-2	-2	Området mellom Holmaneset og Storeholmen i nord er registrert friluftsområde, brukt til dykking. Holmane-området er noko nytta i samband med utfart med båt, spesielt frå Svelgen-området. Dette er eit landskap med fleire verdiar som gjer at det er attraktivt å ferdest her. Ved å bygge ut heile neset vert verdien redusert.
<p>Overordna arealføring</p>	2	+3	+3	Hovudmål for arbeid og næring i samfunnsdelen til kommuneplanen: Bremanger kommune har eit økonomisk og miljømessig berekraftig næringsliv og høg sysselsetjing i befolkninga. Delmål: BK sin næringsstruktur er miljøvennleg og godt tilpassa kommunen sin eigenart, herunder leggje til rette for næringer som ivaretek naturgjevne fortrinn, ha rett verksemd på rett plass ut i frå næringsstilhøyrse, støtte opp om utvikling av kompetansebedrifter.
SAMFUNN				
<p>Teknisk infrastruktur</p>	1	-1	0	Gjennomføring av reguleringsplan vil medføre ny avkøyring frå Fv 614.
<p>Transportbehov</p>	1	-1	0	Tilkomst via Fv614 Gulevegen og via sjø. Transportbehov knytt til den næringa som vert etablert er vanskeleg å estimere, men vil auke vesentleg i forhold til i dag. Uttransport vil skje via sjø, og er estimert til 1-2 anløp pr veke.
<p>Folkehelse</p>	1	-1	0	Verknad for folkehelsa er knytt til at det vert mindre attraktivt å nytte områda i og ved Holmaneset til friluftsliv ved utbygging som foreslått. Det er gode høve til friluftsliv elles i nærområdet og

				verknaden for folkehelsa er vurdert å vere marginal.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	2	-1	0	Verknad for born og unge er knytt til at det vert mindre attraktivt å nytte områda i og ved Holmaneset til friluftsliv ved utbygging som foreslått. Det er gode høve til båtutfart og friluftsliv i nærområdet, nærare Svelgen og bygnaden i Midtgulen, og verknaden for born og unge er vurdert å vere marginal.


SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare i dag		Vurdering	Framtidig risiko og eventuelle oppfølgingstiltak
	Ja	Nei		
Skred	X		<p>Aktsemdsone for snø og steinsprang langs Holmesundet, sjå utklipp under, frå Fylkesatlas, DOK Snø og steinsprang.</p> 	Reell skredfare må avklarast gjennom detaljregulering.
Flaum		X	<p>Deler av det vurderte området kan vere utsett for flaumfare, knytt til stormflo.</p> 	Byggjehøgde må avklarast gjennom detaljregulering.

			(https://temakart.nve.no/link/?link=flomaktsomhet.)	
Klima-sårbarheit		X	<p>Med utgangspunkt i 200-årsflo er havnivå estimert til 244 cm over middelvatn (NN2000). Signifikant bølgehøgde er estimert til 0,6m. Samla verdi 304 cm.</p> <p>Havnivåstigning inkl. bølgepåverknad vil dermed medføre at byggetiltak må ta omsyn til sjøgang opp til kote +3.</p> <p>Elles ingen særskilte problemstillingar for området</p>	Med omsyn til havnivå og bølgehøgde skal tiltak vere plassert slik at ev. bygningskonstruksjon som ligg under kote +3 er dimensjonert for å tole saltvatn/bølger.
Trafikk-tryggleik		X	Ikkje utbygd, ein legg til grunn at godkjend plan som skal vidareførast handterer tilkomst på ein tilfredsstillande måte. Utbygging av nytt vegsamband Svelgen – Indrehus vil medføre redusert trafikk forbi området.	
Ureining		X	<p>Ingen registrerte ureining i vurdert område. To registreringar med status ikkje akseptabel ved Tretteskjervik, like aust for plangrensa. (grunnforurensning.miljodirektoratet.no)</p> 	Endringar ved utviding av plan vil ikkje ha innverknad for eksisterande ureiningspunkt.
Digital kommunikasjon		X	Dekning for 4G+, dekningskart. Telenor. DAB-dekning i området, Radio.no/dekning .	
Beredskap og ulukkesrisiko	X		Deler av neset ligg innanfor stipulert faresone for storulukkeverksenda Forcit, lenger aust. Planlagt verksemd er storulukkeverksemd, og risiko og sikringssoner både i høve ny og eksisterande verksemd må avklarast i reguleringsplan. Utrykking frå Svelgen – om lag 8 km langs god ved med god regularitet. Ingen særskilte problemstillingar knytt til vurdert område.	Beredskap/risiko må avklarast og samfunnstryggleik ivaretakast gjennom detaljregulering.

Konsekvensutgreiinga er uendra etter 3. offentleg ettersyn av arealdelen til kommuneplanen. Det er ikkje teke omsyn til redusert areal til industri, og at konsekvensane for naturmangfald, landskap og friluftsliv dermed vert reduserte. Det er heller ikkje teke omsyn til at det vart gjort funn av automatisk freda kulturminne på Holmaneset og Holmane.

3.2 Smørhamn

Formål/bruk i dag	Utmark/fjell, steinuttak med driftskonsesjon	
Planstatus	Masseuttak med etterbruk til industri	
Forslag til ny arealbruk	Industri	
Arealstorleik	250-400 daa	
Forslagsstillar	Bremanger kommune	
Skildring	<p>Området er regulert til massetak med etterbruk til industri i detaljregulering for Smørhamn næringsområde massetak frå 2014. Området ligg i nærleiken av tidlegare Smørhamn ferjekai. Bruk til hydrogen- og ammoniakkproduksjon medfører planering av eit større areal på om lag same nivå, og etablering av hamnefasilitetar. I denne vurderinga er dagens reguleringssituasjon vurdert som 0-alternativ (referansealternativet), ikkje dagens tilstand.</p>	


Tema	Verdi	Om-fang	Konse-kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar	1	0	0	Området har ingen landbruksressursar
Landskap	1	-1	0	<p>Landskapsverknadane vart vurdert gjennom KU for gjeldande reguleringsplan. 0-alternativet var då reguleringsplan frå 1975. Verknadane av gjeldande reguleringsplan på landskap vart vurdert å vere Liten negativ konsekvens (-). Negative visuelle verknader skulle dempast gjennom avbøtande tiltak i planen, som avtrapping mot høgareliggande område.</p> <p>Etablering av industriverksemd vil ikkje medføre vesentleg påverknad på landskapet i høve 0-alternativet, men manglande avtrapping/nivåinndeling vil kunne auke påverknaden noko. Ei utbetring av leia inn til kaiområdet for å sikre tilkomst med større skip vil kunne påverke landskapet i større grad. Det er ikkje teke med i denne vurderinga.</p>


Naturmangfald	1	-1	0	Konsekvensane av gjeldande reguleringsplan på naturmiljø vart vurdert å vere Stor negativ (---). Endringa vil ikkje medføre ytterlegare påverknad på naturmangfaldet på land. Ei utdjuping av hamneområde for kai vil kunne ha negative konsekvensar for naturmangfald i sjø. Det er ikkje registrert viktige marine naturtypar som vil verte råka av ei utdjuping, og påverknaden vil såleis vere avgrensa.
Strandsone	1	0	0	Strandsone er ikkje vurdert som eige tema i KU for gjeldande reguleringsplan. Strandsone er allereie i dag prega av vesentlege terrenginngrep. Verknadane for strandsone vil elles vere gjenspegla av verknadane for landskap, naturmangfald og friluftsliv.
Vassmiljø	1	0	0	Det er ikkje registrerte andre vassførekomstar i planområdet enn Frøysjøen, der hamneområdet ligg. Frøysjøen er kystvatn med god økologisk tilstand. Endra påverknad på vassmiljøet vil vere ubetydeleg.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i området, og heller ikkje steinmurar eller andre kulturlandskaps-element som blir råka av tiltaket.
Mineralressursar	2	-2/-3	-2	Området er registrert mineralressurs, og det ligg føre driftskonsesjon for uttak av stein. Ei samtidig planering av eit større område vil vere i strid med driftsplanen og gje eit stort masseoverskot. Tryggleikssoner rundt framtidig ammoniakk- og hydrogenfabrikk vil kunne skape problem for vidare uttak av stein i området. Tiltaket vil vere negativt for vidare forvaltning av ressursen.
Friluftsliv	1	-1	0	Det er ikkje kartlagde friluftsområde i nærleiken. Eksisterande plan vart vurdert å ha Liten negativ konsekvens (-) for friluftsliv, og ei endring av landarealet vil i hovudsak vere visuell og ikkje ha særleg auka konsekvens for friluftslivet. Sjøområdet har omsynssone friluftsliv i KPA og ei eventuell utdjuping og auka skipstrafikk vil kunne ha negativ verknad for sjøretta friluftsliv i området.


Overordna arealføring	2	-2	-2	Tiltaket er ikkje i samsvar med gjeldande reguleringsplan, som er vidareført i KPA.
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	3	-2	-2	Området ligg nært til Fv616. Kapasiteten på straumnettet er avgrensa, og det vil måtte gjerast vesentlege utbetringar og utbyggingar for å levere estimert straumbehov. Det må etablerast kaifasilitetar. Innseglinga til området er trang og lite eigna for større skip. Det må truleg gjerast utdjupingar og sprengje vekk skjær for å betre innseglinga.
Transportbehov	3	-2	-2	Planlagt hydrogenproduksjon skal oppfylle nasjonale målsettingar, og uttransport av produktet er avgjerande. Uttransport av ammoniakk må skje med skip. Transport av tilsette vil i stor grad skje med bil. Det er lang avstand til næraste større bu- og arbeidsmarknad (ca 1 t køyretid til Svelgen). Til tettstaden Kalvåg er det 5,5, km, og 7 min køyretid.
Folkehelse	2	-2	-2	Det er to bustadhus i nærområdet (om lag 100 m frå industriområdet. Desse vil kunne komme innanfor faresonene rundt verksemda. Etablering vil elles ha liten verknad for folkehelsa.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	1	-1	0	Etableringa vil kunne vere til ulempe for eventuelle barn og unge i nærområdet, men talet bustader i området er avgrensa.
SAMFUNNSTRYGGLEIK OG ROS				
HENDING	Potensiell fare		Vurdering	
	Ja	Nei		
Skred	X	X	Det er ikkje registrert risiko for stein-, snø-, jord- eller flaumskred. Deler av tiltaksområdet ligg under marin grense. Kaiområde ligg på fylling, der grunntilhøva er uavklara.	Krav om utgreiing av grunntilhøva ved detaljregulering.

Flaum		X		Kaiområdet må planerast på stormflosikker høgde.
Klima-sårbarheit		X	Overflatevatn må ivaretakast.	
Trafikk-tryggleik	X	X		Det er 80 km/t sone langs fylkesvegen. Tiltaket er ikkje vurdert å påverke trafikktryggleiken vesentleg. Innseglinga vil vere uheldig for skipstrafikk og tryggleiken til sjøs, og vil truleg måtte utbetrast.
Ureining		X	Ikkje registrert ureining. Mistanke om ureina grunn i etablert sjøfylling.	Avløpsvatn må handterast i samsvar med regelverket. Risiko for utslepp til grunn og til sjø må avklarast.
Digital kommunika-sjon	X	X		Området skal ha god mobildekning, jf. dekningskart, men i praksis er dekninga varierende.
Beredskap og ulukkesrisiko	X		Tiltaket vil kunne medføre auka brann- eller eksplosjonsfare.	Brannutrykking frå Kalvåg stasjon, 5 km og om lag 5 min køyretid eller frå Struen/Hauge (om lag 10 km og 10 min køyretid). Det er kun deltidsmannskap utan vaktordning ved desse stasjonane, og framømte kan variere.

3.3 Førde i Ålfoten



Formål/bruk i dag	Jordbruksareal, skog og strandsone	
Planstatus	LNF	
Forslag til ny arealbruk	Industri	
Arealstorleik	Ca 250 daa	
Forslagsstillar		
Skildring	<p>Området er i hovudsak spreiddbygd landbruksområde og strandsone langs sjø. Det går kommunal veg og privat tilkomstveg til Åskora og Øksnelvane kraftverk innanfor tiltaksområdet. Det er 6 bustadhus/våningshus og 3 hytter innanfor området, og 4 bustadhus i nærområdet (mindre enn 100 m frå tiltaksområdet). Førdeelva (Daleelva) renn gjennom tiltaksområdet.</p>	


Tema	Verdi	Om- fang	Konse- -kvens	Kommentar (og kunnskapsgrunnlag)
MILJØ				
Landbruksressursar  Utklipp frå AR5	3	-2	-2/-3	Tiltaket vil medføre utbygging av om lag 100 dyrka jord og om lag 30 daa innmarksbeite.
Landskap	1	-2	-1	Området er i dag tradisjonelt landbrukslandskap. Ei planering til industriføremål vil gje store nærverknader, medan fjernverknadane vil vere avgrensa då området ligg i botnen av ein fjord. Tiltaksområdet ligg ved ein av innfallsportane til Ålfotbreen landskapsvernområde (avstanden til landskapsvernområdet er 5-10 km).
Naturmangfald	2	-2	-2	Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller sårbare artar. Området omfattar i hovudsak areal som er kultivert, og lite urørt natur. Førdselva (Daleelva) er registrert som anadromt vassdrag. Tiltaksområdet omfattar delar av elva og elveosen, og det vil måtte gjerast større tiltak for flaumsikring. Dette vil igjen råke kantvegetasjon og påverke naturmangfald i og langs elva og i elveosen. Ålfotfjorden er gyteområde for torsk, vurdert som lokalt viktig. Etablering av hamneområde vil medføre inngrep i sjø og påverknad på naturmangfaldet i fjære og sjø, men elles ha liten verknad på gyteområdet.
Strandsone	2	-3	-3	Deler av strandsona i området er utbygt med 4 naust, og det er mindre fyllingar for kaiar og rydningsrøyser. Elles er det naturleg fjære, og lokal bruk av strandsona. Tiltaksområdet omfattar elveosen. Utbygging for utskipingskai vil øydeleggje strandsoneverdiane i dette området, sjølv om området har ein del tekniske inngrep frå før.
Vassmiljø	2	0	0	Vassførekomsten Ålfoten er ferskvasspåverka beskytta fjord, med god økologisk tilstand og udefinert kjemisk tilstand. Elva Førdeelva/Daleelva, er ein sterkt modifisert vassførekomst (SMVF), med behov for tiltak for å oppnå god miljøtilstand. Tiltak påverkar ikkje

				vassførekomstane dersom gjeldande regelverk til t.d avløpshandtering, tiltaksgrense langs elv etc. vert følgt opp.
Kulturminne og kulturmiljø 	2	-3	-2	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i området, men det er registrert fleire kulturminne i dalføret vidare vestover. Det ligg 10 SEFRAK-bygg innanfor området, fem av desse med verdi raud (bygt tidleg på 1800-talet). Desse vil måtte rivast som følgje av utbygginga. Verdien av kulturlandskapet vil også bli vesentleg redusert.
Mineralressursar	1	0	0	Det er ikkje registrerte mineralressursar i området.
Friluftsliv	2	-2	-2	Det er fleire kartlagde friluftsområde i nærleiken av tiltaksområdet. Førdedalen er også inngangsport til Ålfotbreen landskapsvernområde, og restriksjonar for ferdsel gjennom området vil vere til hinder for bruk av Førdedalen og landskapsvernområdet. Verknadane av tiltaket vil elles vere dei visuelle.
Overordna arealføring	2	-2	-2	Arealstrategi for industri (utdrag): <i>Ved vurdering av nye industriareal vil transportbehov, miljøomsyn som ureining og fjernverknad, samt nærleik til etablerte bustadområde, vere viktige tema for konsekvensutgreiing (KU).</i>
SAMFUNN				
Teknisk infrastruktur	2	-2	-2	Området har tilkomst via km kommunal veg frå Fv. 614. Vegen har svært dårleg standard på fleire strekningar. Avstanden til skipslei (bilei Nordfjord-Faleidfjord) er om lag 10 km. Tilkomstveg til kraftverka Åskora og Øksnelvane går langs sjøen, og vil skilje industriområde frå kaiområdet. Utbygging vil medføre at det må byggjast ein lengre omkøyringsveg for tilkomst til bustadhusa vest for tiltaksområdet, Førdedalen og Åskora/Øksnelvane kraftstasjonar. Krafttilførsel vil måtte skje frå Ålfoten transformatorstasjon, eller ved etablering av ny transformatorstasjon.

Transportbehov	2	-2	-2	Uttransport av ammoniakk må skje med skip. Transport av tilsette vil i stor grad skje med bil. Utbygging vil medføre at det må byggjast ein lengre omkøyringsveg, og gje auka transportlengde til bustader og til Åskora/Øksenelvane kraftstasjon.
Folkehelse	2	-2	-2	Det er fleire fastbuande i området som vil misse bustaden sin. Resterande busetnad i området vil også kunne bli påverka av støy og tryggleiksrisiko.
Barn og unge sine oppvekstvilkår	2	-2	-2	Eableringa vil kunne vere til ulempe for eventuelle barn og unge som misser bustaden sin, og elles for barn og unge i nærområdet m.a gjennom redusert tilgang til fjæra.

SAMFUNNSTRYGGELEIK OG ROS

HENDING	Potensiell fare		Vurdering	
	Ja	Nei		
Skred 	X		Størstedelen av området er kartlagt for skred, og har tryggleiksklasse S3, som er kravet for ei storulukkeverksemd. Utanfor det kartlagde området er det snøskredfare. Ein stor del av området ligg under marin grense, og grunntilhøva vil måtte avklarast.	Krav om utgreiing av grunntilhøva ved detaljregulering.
Flaum 	X		Område langs elva er utsett for flaumfare (NVE aktsemdskart).	
Klima-sårbarheit		X	Overflatevatn må ivaretakast.	
Trafikk-tryggleik	X			Den kommunale vegen har svært dårleg standard, og trafikken vil gå forbi oppvekstsenter og langs skuleveg utan fortau/gangveg. Trafikkauke vil redusere trafikktryggleiken ytterlegare i høve dagens situasjon.

Ureining		X	Ikkje registrert ureining.	Avløpsvatn må handterast i samsvar med regelverket.
Digital kommunika-sjon 	X		Mobildekning er varierende.	
Beredskap og ulukkesrisiko	X		Tiltaket vil kunne medføre auka brann- eller eksplosjonsfare.	Brannutrykking frå Davik stasjon, 20 km og om lag 20 min køyretid eller frå Svelgen (om lag 35 km og 30 min køyretid). Ved Davik stasjon er det berre deltidsmannskap utan vaktordning, og frammøte kan variere.

4. Oppsummering og konklusjon

4.1. Samanstilling av konsekvensar

Under er ei oversikt over konsekvensane av dei tre ulike alternativa.

Konsekvensvurdering		0-alternativet	Holmaneset	Smørhamn	Ålfoten
Tema miljø	Landbruksressursar	0	Ubetydeleg konsekvens (0)	Ubetydeleg konsekvens (0)	Middels/stor konsekvens (-2/-3)
	Landskap	0	Middels konsekvens (-2)	Ubetydeleg konsekvens (0)	Noko konsekvens (-1)
	Naturmangfald	0	Stor konsekvens (-3)	Ubetydeleg konsekvens (0)	Middels konsekvens (-2)
	Strandsoneinteresser	0	Stor konsekvens (-3)	Ubetydeleg konsekvens (0)	Stor konsekvens (-3)
	Vassmiljø	0	Ubetydeleg konsekvens (0)	Ubetydeleg konsekvens (0)	Ubetydeleg konsekvens (0)
	Kulturminne- og miljø	0	Ubetydeleg konsekvens (0)	Ubetydeleg konsekvens (0)	Middels konsekvens (-2)
	Mineralressurser	0	Ubetydeleg konsekvens (0)	Middels konsekvens (-2)	Ubetydeleg konsekvens (0)
	Friluftsliv	0	Middels konsekvens (-2)	Ubetydeleg konsekvens (0)	Middels konsekvens (-2)
Samla vurdering		0			

Konsekvensvurdering		0-alternativet	Holmaneset	Smørhamn	Ålfoten
Tema samfunn	Teknisk infrastruktur	0	Ubetydeleg konsekvens (0)	Middels konsekvens (-2)	Middels konsekvens (--)

	Transportbehov	0	Ubetydeleg konsekvens (0)	Middels konsekvens (-2)	Ubetydeleg konsekvens (0)
	Folkehelse	0	Ubetydeleg konsekvens (0)	Middels konsekvens (-2)	Middels konsekvens (-2)
	Barn og unge sine oppvekstvilkår	0	Ubetydeleg konsekvens (0)	Ubetydeleg konsekvens (0)	Middels konsekvens (-2)
	Overordna arealføring	0	Stor positiv konsekvens (+3)	Middels konsekvens (-2)	Middels konsekvens (-2)
Samla vurdering					

Vurdering av samfunnstryggleik/ROS		0-alternativet	Holmaneset	Smørhamn	Ålfoten
Hending (vurdering av potensiell fare i dag)	Skred		Ja	Ja	Ja
	Flaum		Nei	Nei	Ja
	Klimasårbarheit		Nei	Nei	Nei
	Trafikktryggleik		Nei	Ja	Ja
	Ureining		Nei	Nei	Nei
	Digital kommunikasjon		Nei	Ja	Ja
	Beredskap og ulukkesrisiko		Ja	Ja	Ja

For tema under miljø er det klart at konsekvensane vil bli lågast ved ei etablering i Smørhamn. Konsekvensane for alternativa på Holmaneset og Ålfoten har større konsekvensar, spesielt for landskap, naturmangfald, strandsone og friluftsliv. For tema under samfunn vil konsekvensane vere lågast ved etablering på Holmaneset, og større konsekvensar for alternativa i Ålfoten og i Smørhamn. Begge desse lokasjonane vil medføre større infrastrukturtiltak for å kunne etablere anlegget (omlegging av kai/utdjupeing av farlei). I Ålfoten vil tiltaket medføre at fleire husstandar misser bustaden sin, og truleg vil fleire komme innanfor faresone rundt anlegget. I Smørhamn vil truleg minst eitt bustadhus komme innanfor faresone rundt anlegget.

4.2. Kriteria for lokalisering av ammoniakk- og hydrogenfabrikk

I utgangspunktet var det fastsett nokre kriteria som er avgjerande for ei lokalisering av ammoniakk- og hydrogenfabrikk. Dei aktuelle områda er vurdert opp mot desse kriteria.

- Tilgang til kraft og nærleik til kraftnettet
- Tilfredsstillande hamneforhold (nok djupne, kort avstand til skipslei)
- God avstand til busetnad
- Tilstrekkeleg areal (stipulert arealbehov på 280 daa).
- Kort avstand til større bu- og arbeidsmarknad
- Enkel tilkomst til overordnet vegnett

Tabellen under viser ei oversikt over kva kriteria dei ulike alternativa for lokalisering oppfyller. Holmaneset oppfyller flest av kriteria (6/6). Smørhamn oppfyller 2 av 6 kriterie og Ålfoten oppfyller eitt av 6 kriterie.

	Holmaneset	Smørhamn	Ålfoten
Vurderingskriterier			
Tilgang til kraft og nærleik til kraftnettet	Ja	Nei	Ja
Tilfredsstillande hamneforhold (nok djupne, kort avstand til skipslei)	Ja	Nei	Nei
God avstand til busetnad	Ja	Nei	Nei
Tilstrekkeleg areal (stipulert arealbehov på 280 daa).	Ja	Ja	Ja/Nei
Kort avstand til større bu- og arbeidsmarknad	Ja	Nei	Nei
Enkel tilkomst til overordna vegnett	Ja	Ja	Nei

Ut frå desse vurderingane er det vanskeleg å sjå at det er anna lokalisering enn Holmaneset som er aktuell dersom det skal etablerast hydrogen- og ammoniakkfabrikk i Bremanger kommune. Reguleringsprosessen for områdereguleringsplanen må avklare kva som kan gjerast for å redusere konsekvensane på miljø og samfunn ved ei utbygging, og om konsekvensane ved utbygging er akseptable eller ikkje.